



Kunngjering

Saksbehandlar, innvalstelefon

John Anton Gladsø, 5764 3130

## Fiske etter rømt oppdrettsfisk i Sognefjorden

Fylkesmannen opnar for at oppdrettslaks på kring fire kilo fanga på garn i Sognefjorden innafor Videhammen i Gulen kommune og Nesholmsundet i Hyllestad kommune, kan avlivast i perioden 27. september til og med 13. oktober 2019. Vedtaket er gjort med heimel i § 8 i forskrift om fisketider for fiske etter anadrom laksefisk i sjøen.

Opninga gjeld bifangst av rømt laks ved garnfiske etter marin fisk, og er retta mot fisk som nyleg rømde frå slakteriet ved Brekke. Opninga gjeld på dei vilkåra og avgrensingar som er gitt nedanfor.

### Vilkår

1. Berre fisk som ut frå ytre kjenneteikn kan stadfestast å vere rømt oppdrettsfisk kan avlivast
2. Alt fiske skal følgje gjeldande fiskeregler i sjø
3. All fangst skal registrerast og rapporterast til Fylkesmannen i Vestland

### Grunngjeving

Det har rømt om lag 17 000 oppdrettslaks med ei gjennomsnittsvekt på om lag fire kilo frå slakteriet ved Brekke. Rømmingen vart oppdaga 16. september 2019, og det har fram til i dag vorte gjenfanga om lag 3000 fisk.

Det er forbode å fiske laksefisk i sjøen med garn, og dette gjeld også rømt oppdrettslaks. Årsaka til at rømt fisk er inkludert, er å unngå feilaktig avliving av villfisk. På grunn av den store rømmingen frå slakteriet, opnar Fylkesmannen no for at bifangst av oppdrettslaks kring fire kilo kan avlivast.

Opninga gjeld for Sognefjorden innafor Videhammen og Nesholmsundet i perioden 27. september til og med 13. oktober 2019. Vi gjer merksame på at alle garn skal vere senka minst tre meter under overflata fram til 1. oktober. Les meir om fiskereglane på Fylkesmannen si [heimeside](#).

**Klagerett**

Etter reglane i forvaltningslova kan de klage på dette vedtaket innan tre veker til Miljødirektoratet. Eventuell klage med grunngjeving må sendast om Fylkesmannen, som kan ta klagen heilt eller delvis til følgje, eller sende den vidare til klageinstans for endelig avgjerd

Med helsing

Kjell Kvingedal  
miljødirektør

Eline Orheim  
seksjonsleiar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*